

Internasjonalisering i bachelorutdanningane barnevern, sosialt arbeid/sosionom og vernepleie ved Institutt for velferd og deltaking (førebels namn)

Rapport frå tverrgående arbeidsgruppe

1.1 Mandat og arbeidsgruppe

HVL har sett i gang eit prosjekt for å samordne bachelorutdanningane i barnevern, sosialt arbeid/sosionom og vernepleie (BSV) ved Institutt for velferd og deltaking (førebels namn). Arbeidsgruppa for internasjonisering vart oppnemnt av styringsgruppa i prosjektet.

Arbeidsgruppa har fått i oppgåve å komme med framlegg til korleis ein skal ivareta moglegheiter for utveksling i studieplanane, auke studentmobilitet og styrke det internasjonale perspektivet i BSV-utdanningane.

Vårt mandat var å kartlegge det eksisterande tilbodet for inn- og utreisandestudentar på BSV-utdanningane og fagområda sine internasjonale nettverk. Dette innebar å gjere greie for eventuelt (eller potensielt) samarbeid på tvers av studieretningar og campus, i tillegg til å lage ei felles liste over gjeldande utvekslingsavtalar for BSV-utdanningane. Arbeidsgruppa har også vurdert oppfølginga av NOKUT tilsynet sine bør-punkt knytt til internasjonisering.

Gruppa har hatt fire Skype møter og eitt heildags videokonferansemøte. Elles har ein utveksla informasjon via e-post.

Medlemmer i arbeidsgruppa:

Rakel Aasheim Greve, høgskulelektor, sosionom, Campus Bergen

Svanhildur Gudmundsdottir, høgskulelektor, sosialt arbeid, Campus Sogndal

Gunnlaug Miljeteig, høgskulelektor, sosionom, Campus Bergen

Agnes Fotland, høgskulelektor, vernepleie, Campus Sogndal

Hege Cathrine Aarlie, høgskulelektor, vernepleie, Campus Bergen

Turid Hillestad Nel, leiar av gruppa, rådgjevar og internasjonal koordinator, Campus Sogndal

1.2 Kartlegging av eksisterande tilbod for utveksling ved BSV utdanningane

For å få oversikt over eksisterande tilrettelegging for internasjonisering i utdanningane vart det gjennomført ei kartlegging av dei fem utdanningstilboda. Desse dokumenta er vedlagt rapporten (vedlegg 1-4). Av omsyn til arbeidsgruppa si samansetning og det tette samarbeidet kring internasjonal aktivitet for fagområda sosialt arbeid og barnevern ved Campus Sogndal, vart historikken for desse utdanningane samanfatta. Den ansvarlege for kvart studieprogram (sjå gruppesamansetning) har gjort greie for:

- noverande tilrettelegging for utveksling i studieprogrammet
- utvekslingsavtalar og evaluering av samarbeid med partnarane

- praksisavtalar og evaluering av samarbeid
- studentmobilitet (tal dei tre siste åra inn- og utveksling)
- internasjonale nettverk utdanning/forskning
- engelskspråklege emne tilbod
- andre merknader

Detaljerte skildringar av kvart tema per studieretning/campus er gjeve i vedlegg 1-4.

1.2.1 Generelle kommentarar til kartlegginga

1.2.1.1 *Tilrettelegging i utdanningane og avtalar*

Utdanningane har hatt gode ordningar for studentmobilitet i utdanningane, men det er naudsynt å revidere tilrettelegginga i samkøying av studieprogramma. Dette er nærare drøfta i 2.1.

Uttekslingsavtalane knytt til studieprogramma utgjer etter gruppa si vurdering eit godt og variert tilbod til studentane. Det har i 2017 vore arbeidd med fornying av avtalar på BSV-utdanningane i samarbeid med internasjonalt kontor ved Campus Bergen og Campus Sogndal. Som del av gjennomgangen av avtaleporteføljen for kvar utdanning har internasjonalt kontor og instituttleiarar/fagansvarlege evaluert og kvalitetssikra samarbeidet med partnerinstitusjonane. Den samla avtaleporteføljen for BSV-utdanningane ved HVL per 01.02.18 er presentert i tabell 1. Det er berre fornya avtalar som er med i lista. Andre avtalar der ein ikkje meiner at målsettingar om mobilitet og kvalitetskrav er innfridd vert avslutta (dette gjeld eit fåtal) og er såleis ikkje nemnt. Etter at mobilitetsvindaug er fastsett i dei nye studieplanane bør avtaleporteføljen reviderast på nytt for å sikra at emne- og/eller praksistilbod ved partnerinstitusjonane fortsatt er relevante for utdanningane.

Gruppa har også identifisert to institusjonar som ein vil forsøka å inngå avtale med i løpet av våren 2018. Dette er Manchester Metropolitan University og Bournemouth University, begge i Storbritannia. Fagtilsette ved Campus Sogndal har tett og nært samarbeid med kollegaer frå desse institusjonane og det vil vere tenleg å utvikle dette til formelle student- og tilsettmobilitetsavtaler innan Erasmus +.

Tabell 1: Samla gjeldande avtalar for studentmobilitet for BSV-utdanningane ved HVL

LAND	INSTITUSJON	UTDANNINGAR	PROGRAMORDNING	TEORI/PRAKSIS
AUSTRALIA	Griffith University	Alle	Study abroad	Teori og praksis
	James Cook University	Alle	Study abroad	Teori
	University of the Sunshine Coast	Alle	Study abroad	Teori
CANADA	Trent University	Alle	Exchange (Study abroad)	Teori
DANMARK	University College Lillebælt	Alle	Erasmus	Teori
	VIA University College	Sosionom/Sosialt arbeid, Barnevern	Erasmus	Teori og praksis
FINLAND	Arcada, Nylands svenska yrkeshögskola	Vernepleie	Erasmus	Teori og praksis
ISLAND	Háskóli Islands	Sosionom/Sosialt arbeid, Barnevern	Nordplus/ Erasmus	Praksis
NEDERLAND	Hogeschool INHOLLAND	Alle	Erasmus	Teori og praksis
	Saxion Hogescholen	Sosionom/Sosialt arbeid	Erasmus	Teori
SPANIA	Universidad Complutense de Madrid	Sosionom/Sosialt arbeid	Erasmus	Praksis
	Universidad de Salamanca	Sosionom/Sosialt arbeid	Erasmus	Praksis
STORBRIANNIA	University of the West of England, Bristol	Vernepleie	Erasmus	Teori og praksis
SVERIGE	Lunds universitet	Sosionom/Sosialt arbeid	Erasmus	Teori og praksis
SØR-AFRIKA	Sunshine Educare	Alle	Praksisavtale	Praksis via Global knowledge
TANZANIA	Amani Centre Morogoro	Alle	Praksisavtale	Praksis
	Gabrielle Centre	Alle	Praksisavtale	Praksis
	Kiwakukki Centre Moshi	Alle	Praksisavtale	Praksis
	Mehayo Centre	Alle	Praksisavtale	Praksis
	Muhimbili National Hospital	Alle	Praksisavtale	Praksis
TYSKLAND	Alice Salomon Hochschule Berlin	Sosionom/Sosialt arbeid	Erasmus	Praksis
	Hochschule für Technik und Wirtschaft Mittweida (FH)	Vernepleie	Erasmus	Teori og praksis
USA	Augsburg College	Alle	Study abroad	Teori og praksis
	California State University, Monterey Bay	Sosionom/Sosialt arbeid, Barnevern	Study abroad	Teori
	San Diego State University, California State University	Sosionom/Sosialt arbeid, Barnevern	Study abroad	Teori
ZAMBIA	Cheshire Home	Alle	Praksisavtale	Praksis via Global knowledge
	Department of Social Welfare, Provincial Office Southern Province Livingstone Choma	Alle	Praksisavtale	Praksis via Global knowledge
	Mukuni Village	Alle	Praksisavtale	Praksis via Global knowledge

1.2.1.2 Studentmobilitet

Studentmobilitet for studieåra 14/15 til 17/18 er presentert samla per utdanning i tabell 2 og 3. Det er stort potensiale for å auke både inn- og utreisande studentmobilitet. Innspel på kva tiltak ein kan sette i verk for å auke studentmobiliteten er drøfta i punkt 2.2 og 2.3.

Tabell 2: Utreisande studentar med opphald over 3 månader per studieretning

STUDIEÅR	BARNEVERN SOGNDAL	SOSIALT ARBEID SOGNDAL	VERNEPLEIE SOGNDAL	SOSIONOM BERGEN	VERNEPLEIE BERGEN	TOTALT
14/15	2	5	4	15	15	41
15/16	2	9	4	12	10	37
16/17	8	6	3	14	2	33
17/18	6	9	9	7	6	37

Tabell 3: Innreisande studentar med opphald over 3 månader per studieretning

STUDIEÅR	BARNEVERN SOGNDAL	SOSIALT ARBEID SOGNDAL	VERNEPLEIE SOGNDAL	SOSIONOM BERGEN	VERNEPLEIE BERGEN	TOTALT
14/15	0	6	0	0	4	10
15/16	0	6	0	2	1	9
16/17	0	0	0	4	1	5
17/18	0	0	0	3	4	7

1.2.1.3 Utdanningssamarbeid

Vernepleie ved Campus Bergen deltek i eit internasjonalt utdanningssamarbeid kalla Crossing Borders med partnerar frå Nederland, Tyskland og USA. Prosjektet er eit samarbeid mellom undervisarar og studentar frå dei ulike landa, der studentane samarbeider om et forskingsprosjekt knytt opp til eit gitt tema. Crossing Borders inngår som eit engelskspråkleg emne ved Campus Bergen (sjå vedlegg 3 og punkt 2.3).

Sosionomutdanninga ved Campus Bergen har sidan 2002 hatt eit internasjonalt utdanningssamarbeid, VirCamp, med partnerinstitusjonar i Spania, Nederland, Belgia og no også Australia. VirCamp tilbyr nettbaserte engelskspråklege emne som for sosionomstudentar frå dei ulike medlemmane i konsortiet (sjå vedlegg 2 og punkt 2.3).

Tidlegare Høgskulen i Bergen har vore aktiv medlem i SANORD (The Southern-African Nordic Centre). Medlemsskapet er vidareført i HVL og ein bør dra nytte av dette nettverket i BSV-utdanningane sidan alle fagområda har samarbeid med land i det sørlege Afrika. Sosionomutdanninga i Bergen vidarefører det eksisterande Nordplus-nettverket og vil gjere grep for å få auka aktiviteten i nettverket og inkludere aktuelle fagtilsette frå tilsvarande utdanning i Sogndal.

1.2.1.4 Forskarnettverk

Fagtilsette er aktive i internasjonale nettverk og har i ulik grad tilknytning til forskarnettverk og liknande. Grappa ser det som tenleg at informasjon om desse nettverka vert delt og at ein lagar arenaer for informasjonsdeling. Det bør høvesvis opprettast t.d. seminar og/eller nettsider der tilsette kan gjere greie for si tilknytning til internasjonale forskargruppe og nettverk for å sikre informasjonsdeling og at fleire tilsette kan delta i etablerte nettverk.

Det er særskilt to forskarnettverk som grappa har identifisert som aktuelle for auka medverknad frå tilsette. Dette gjeld *Brukarmerverknad i undervising og forskning* leia av Bournemouth University og forskargruppa *Drug death beravement and recovery (END) med forskarar frå Bath University og Utrecht University*.

1.3 Oppfølging av NOKUT rapportar

NOKUT gjennomførte tilsyn med BSV-utdanningane i 2015/16, og i dei påfølgjande rapportane til utdanningane var det fleire bør-punkt knytt til internasjonalisering. For vernepleie og sosionomutdanningane ved Campus Bergen og sosialt arbeid, Campus Sogndal, var ei oppmoding at utdanningane burde ha fleire engelskspråklege artiklar i pensumlistene. Utdanningane gjennomførte revisjon av pensumlistene, og i sitt tilsvar til NOKUT rapporten synte dei til at engelskspråklege artiklar no var større del av pensum (endringar i inntil fire-fem emne per studieprogram). Grappa ser dermed at nødvendige tiltak er gjennomført i forkant av vårt arbeid.

For utdanningane ved Campus Sogndal var eit bør-punkt at internasjonaliseringsarbeidet måtte styrkast og utvikle samarbeid og nettverk med internasjonale aktørar innan forskning. Sosionomutdanninga i Bergen fekk oppmoding om å *halde fram med* å styrke arbeidet med internasjonalisering. For utdanningane ved Campus Sogndal oppretta ein fleire praksisplassar i Sør-Afrika for å auke talet studentar som kunne delta på det tverrfaglege emnet Global Knowledge, der praksis er ein integrert del av emnet. I tillegg har internasjonalisering vore tema på fleire av dei tverrfaglege møta ved BSV-utdanningane. Det har vore arbeidd med å styrke internasjonale kontaktar og nettverk, slik som til dømes Department of Social Work ved Bournemouth University, med særskilt fokus på brukarmedverknad både innan undervising og forskning. Fleire tilsette har òg deltatt på samlingar med kollegaer frå utanlandske institusjonar som til dømes *Substance Use and Addictive Behaviours (SUAB) Research Group*, eit internasjonalt nettverk for rusforskarar innanfor sosialfaga. Slik deltaking fører til utvida internasjonale nettverk, som vil vera viktig for arbeidet med internasjonalisering av utdanninga, både når det gjeld studieplanarbeid og mobilitet. Sosionomutdanninga ved Campus Bergen har vektlagt kapasitet til å inngå i internasjonalt samarbeid ved rekruttering av tilsette. Dette har resultert i fleire tilsette med internasjonale nettverk, eit viktig bidrag for å styrke den internasjonale satsinga både innan forskning og undervising ved instituttet.

Grappa ser at det er positiv utvikling i etterkant av NOKUT rapporten med auka medvit om internasjonale relasjonar og fagtilsette si rolle for å bidra til internasjonalisering i utdanningane. Kvalitet i eiga forskning og undervising vert styrka ved å ha eit internasjonalt nettverk og kunnskapsutveksling med utanlandske kollegaer og partnarar. Det må verte lagt til rette for denne utviklinga også under ny leiing og som del av nytt institutt/fakultet.

Opprettinga av vår arbeidsgruppe reflekterer ynsket om å styrke internasjonaliseringa i utdanningane. Grappa vonar ein vidare vil vere medvitne på tilrådingar i arbeidet med studieplanar, tilrettelegging av mobilitet og internasjonal aktivitet blant tilsette på instituttet.

2 Vegene vidare - tiltak

2.1 Tilrettelegging for utveksling i studieplanane

Grappa har etter drøftingar, og basert på tidlegare tilrettelegging av moglegheiter for praksis- og eller delstudium i utlandet i BSV-utdanningane, kome fram til følgjande:

- Tilrettelegging av periodar for utveksling/praksis i utlandet må vere i løpet av 3. 4. og 5. semester
- Studentar bør ha moglegheit for utanlandsopphald ved to ulike høve i utdanninga
- Det bør leggast til rette for eitt semester med delstudium i utdanningane (teoriemne), eller kombinert teori og praksis, som eitt av alternativa studentane kan velje.

- Ein av dei tilrettelagt periodane for opphald i utlandet må vere på minimum 3 månader for å få utteljing på incentiv/støtteordningar for studentutveksling frå staten (så kalla hovudpengar).
- Dersom det vert tilrettelagt for praksisperiodar i utlandet er det tilrådeleg at desse vert på 3 månader, alternativ 2 månader kombinert med teoriemne i Europa, for å dra nytte av ordningar for Erasmus-stipend for studentar.
- I studieplanane må ein legge til rette for at emna som skal «erstattast» ved opphald i utlandet er enkle å innpassa i utdanninga etter utvekslinga. BSV-utdanningane i Sogndal har god erfaring kring slik tilrettelegging og kan nyttast som eksempel i vidare arbeid.
- Teori og praksis i same semester fungerer hjå etablerte partnerar for sosionomutdanninga i Bergen og kan nyttast som eksempel for tilsvarande tilrettelegging i andre utdanningar
- Studieplanane for utdanningane må legge til rette for allereie etablerte undervisningsprogram som bidreg til internasjonalisering av utdanningane. Dette gjeld særskilt Global Knowledge med integrert praksis i utlandet, og VirCamp og Crossing Borders som kan nyttast som internasjonalisering. Desse undervisningsprogramma høver som tilbod for studentar på tvers av campus og studieretning (sjå vidare drøfting under engelskspråklege emne).

2.2 Korleis auke studentmobilitet på BSV-utdanningane?

Etter drøftingar om generelle tiltak for å auke studentmobilitet, og med utgangspunkt i kartlegginga og presentasjon av utdanningane har me identifisert følgjande:

- For å auke talet innreisande studentar må ein tilby fleire engelskspråklege emne og etablere faste praksisplassar for engelskspråklege/nordiske studentar (sjå 2.1 for vidare drøfting).
- Tilby etablerte emne som Global Knowledge på tvers av campus og for alle BSV-utdanningar. Det kan vere mogleg å legge til rette for nettundervisning av teoriemne (frå Campus Sogndal) og å opprette relevante praksisplassar ved etablerte institusjonar i Tanzania (sjå vedlegg 2 og 3). Sidan emnet også er tilbydd til andre utdanningar (lærer, barnehagelærer, idrett) vil nettbasert undervisning vere eit føremon for fleire utdanningar ved dei andre studiestadane (Bergen og Stord). Rettleiing av studentar og anna oppfølging kan også leggest til fleire fagtilsette ved dei ulike studiestadane.
- Tilrettelegging i studieplanar som gjer det enkelt og fleksibelt for studentar å reise på utveksling/praksis, dette inneber at studentar bør ha fleire valmoglegheiter for utveksling (teori/praksis) i løpet av utdanninga.
- Det må etablerast rutinar for kommunikasjon av utvekslingstilbod til studentar frå dei tek til på utdanningane. Dette inneber krav til fagtilsette om kunnskap kring utvekslingstilbodet for deira fagområde, tydeleg informasjon på nettsider, etablerte rettleiingstenester for studentar og faste arenaer for informasjon om utveksling. Denne tilrettelegginga krev tett samhandling med studierettleiarar og internasjonalt kontor.
- Studentar som deltek i praksis ved utanlandsk partnerinstitusjon, bør også få moglegheit til å delta i noko undervisning ved institusjonen slik at dei kjem i kontakt med utanlandske studentar. Kontakt mellom norske og internasjonale studentar kan bidra til rekruttering.
- Det må leggest til rette for at tilsette kan promotere engelskspråklege emne ved partnerinstitusjonar og vere aktive i rekruttering og informasjon til både studentar og tilsette

ved våre partnerinstitusjonar. I revisjon av avtaleporteføljen er det særskilt relevant å legge opp til slike partnerbesøk. Tilsette må oppmodast om å bidra aktivt og å dra nytte av stipendordningar så som Erasmus+ og Nordplus.

- Stimulere til auka tilsettmobilitet ved å tilby engelsk akademisk kurs på høgskulen (på tvers av campus) for tilsette – dette vil også kunne bidra til å rekruttere tilsette for å undervise på engelsk ved partnerinstitusjonar og vere eit aktivt ledd i rekruttering av internasjonale studentar.

2.3 Utvikle engelskspråkleg emne for BSV-utdanningane

BSV-utdanningane har manglande tilbod om engelskspråklege emne for internasjonale studentar. BSV utdanningane ved Campus Sogndal har ikkje emne undervist på engelsk, medan Campus Bergen har to engelskspråklege emnetilbod: VirCamp (sosionom) og Crossing Borders (vernepleie) (for utfyllande informasjon om innhald i desse emna sjå vedlegg 2 og 3).

Både VirCamp (tilbod i 3. og 4. semester sosialt arbeid/sosionom/barnevern) og Crossing Borders (tilbod i 5. semester vernepleie) bør verte vidareført som del av emnetilbodet til BSV-utdanningane på tvers av campus. VirCamp har nettbasert undervising, medan Crossing Borders har videokonferansar og nettbasert kontakt mellom deltakarane slik at ein enkelt kan legeg til rette for deltaking på tvers av campus. Emneinnhaldet er etter gruppa si meining relevant for alle BSV-utdanningane og det vert tilrådd at ein opnar opp for at alle studieretningane kan ha desse som valemne og gjer naudsynte endringar for å legge til rette for deltaking frå begge studiestadar. Gruppa vurderer emna som sær relevante som del av internasjonalisering heime for norske studentar som av ulike grunnar ikkje har høve til å gjennomføre praksis/delstudium i utlandet. Felles for begge emna er at dei ikkje i tilstrekkeleg grad lukkast med integrering av norske og internasjonale studentar i klasserommet, eller som fullgode alternativ for internasjonale studentar som oppheld seg fysisk ved studiestaden sidan undervisinga er nettbasert.

Det er naudsynt å opprette engelskspråklege emne (tilbod på begge studiestader) for å auke rekruttering av internasjonale studentar og sikre at utdanningane har tilbod som gjer det mogleg med gjensidig student- og tilsettmobilitet. Utan eksisterande tilbod vil ikkje utdanningane vere ein attraktiv partner for internasjonalt utdanningssamarbeid. Gruppa tilrår at det i tillegg til eksisterande engelskspråklege tilbod vert oppretta minimum eitt felles engelskspråkleg emne (min. 15 studiepoeng) på tvers av campus og utdanningar (må vere tilrettelagt for opphald ved HVL på 3 månader eller meir). Dette emnet bør vere obligatorisk (alternativt valemne) i utdanninga for norske studentar, slik at ein legg til rette for internasjonalisering heime ved integrering av norske og internasjonale studentar og har fast rekruttering til emne uavhengig av varierende rekruttering av internasjonale studentar. Det bør prioriterast å legge til rette for eit slikt emne i arbeidet med studieplanane. Tema for emne bør vere tverrprofesjonelt. For å legge til rette for at utanlandske studentar kan opphalde seg ved HVL i eitt semester, bør ein i tillegg opprette praksisemne og skaffe praksisplassar der studentane kan vere engelskspråklege. Ei anna mogleg tilrettelegging er å innlemme emne frå VirCamp og Crossing Borders, slik at desse utgjer dei resterande 15 studiepoenga i dette semesteret.

Det er tenleg at det vert oppretta ei arbeidsgruppe på tvers av utdanningar og campus for å arbeide vidare med engelskspråkleg emne- og praksistilbod. I denne gruppa bør programansvarlege for utdanningane vere representert.

Når det gjeld nordiske studentar frå partnerinstitusjonar som kan følgje undervising på norsk så bør ein informere partnarar om at denne målgruppa kan velje emne/praksis frå 4.-6. semester i studieplanane. Informasjon om emnetilbod bør verte sendt ut kvart halvår i god tid før søknadsfristane for internasjonale studentar.

2.4 Oppsummering – tiltak

Følgjande tiltak bør ha særskilt merksemd i det vidare arbeidet med samordning og internasjonalisering av bachelorutdanningane i barnevern, sosialt arbeid/sosionom og vernepleie:

- God tilrettelegging for utveksling (2 moglegheiter for praksis/delstudium i løpet av utdanninga) i studieplanane
- Opprette engelskspråkleg tverrfagleg emnetilbod på begge campus
- Integre eksisterande emnetilbod med internasjonal komponent; Crossing Borders, VirCamp og Global Knowledge, i studieplanane.
- Legge til rette for deltaking i eksisterande forskar- og utdanningsnettverk og oppmode om internasjonal engasjement hjå tilsette

Vedlegg:

Vedlegg 1 – Historikk Sosialt Arbeid og Barnevern Sogndal

Vedlegg 2 – Historikk Sosionom Bergen

Vedlegg 3 - Historikk Vernepleie Bergen

Vedlegg 4 – Historikk Vernepleie Sogndal